



EVALUERINGSRAPPORT OD2PROP1 vår 2018

Ferdighetskurset i kariologi (OD2PROP1) er gjennom ført for kull 16-21 (tannlegestudentar) i perioden frå 12. mars til 15. juni 2018. Undervisninga har foregått frå kl. 12:30 til 15:30 mandag til torsdag, til saman 45 økter.

Instruktørstaben har bestått av fast ansatte lærarar frå Seksjon for kariologi, samt 8 stk 5. års studentar. Sistnevnte har fordelt seg slik at vi hadde to studentlærarar kvar økt. I tillegg har ein tannhelsesekretær vore til stor og naudsynt hjelp inne på Ferdighetssenteret.

Dette året har vi gjennomført kurset med ein ny vurderingsform som vart vedteken av PuO 15. desember 2017.

Kurset vart gjennomført med 15 praktiske oppgåver under rettleiing, heile tida støtta opp med video- og direkte demonstrasjonar. Undervegs vart det gjennomført to praktisk-teoretiske prøvar. Alle dei praktiske oppgåvene, samt dei to undervegsprøvane, måtte være bestått for å kunne gå opp til ein avsluttande heildagsprøve 15. juni.

I løpet av kurset fekk også studentane fleire obligatoriske oppgåver på Simodont-simulatoren.

Vår vurdering av gjennomføringa av undervisninga:

- Den praktiske gjennomføringa av kurset har etter vår mening stort sett gått bra.
 - **Lokaler og utstyr:** Lokaler fungerer svært bra, men litt tekniske problem med unitane. Otto Fortun gjer ein kjempejobb med heile tida være tilgjengeleg for teknisk assistanse. Ein ser at noko av utstyret er slitt, og treng oftare oppfølgjing og reparasjonar. I år har vi vore 49 studentar inne på salen, og det betyr at vi ikkje har mykje reserveutstyr tilgjengeleg dersom vi får ein utstyrfeil. Ein svakhet med kjevane til unitane er at tenna løsnar lett. Dette er nok ein direkte årsak av at mykje bruk fører til mange utskiftingar av tenner, og fjørene som retinerer tenna vert slitt. Dei lause tenna fører til store problem for studentane når dei skal montere kofferdam-duk og matriser. Vi har difor eit stort ønske om å få nye kjever spesielt for kariologi, slik at slitasjen ikkje vert så stor. Slik det er no har vi kjevane felles med protetikk.
- Det har vore ein del datamaskiner som har hengt seg opp og ikkje vore funksjonelle, og dette har vore eit problem under heile kurset.

På grunn av varmt vær har det vore tendens til litt varm temperatur inne på salen (målt opp til 27 grader enkelte dagar).

- **Personal:** Tannhelsesekretæren vår i år har vore Siw Oksnes, og ho har gjort ein kjempejobb. Frå å være heilt ny i jobben ved kursstart, har ho hatt ei bratt læringskurve og teke ansvar veldig raskt. Det er etter vår mening svært viktig at vi får stabilitet i denne stillinga, og at personen som er tiltenkt denne rolla er fast ansatt.
Forutan den kliniske staben gjer studentlærarane ein svært god og samvittighetsfull jobb. Denne ordninga fungerer bra.
- **Demonstrasjonar:** Demonstrasjonar vert gjort kontinuerleg i takt med progresjonen til studentane. Tilhøva for demonstrasjonar er gode, med både videoframstilling og visualisering direkte i mikroskop/kamera. Undervisninga er prega av litt utdaterte demonstrasjonsvideoar, men det er planar om å fornye desse i løpet av 2018/2019. Det er nettopp bevilga 150000,- til dette formålet via UiB sine insentivmidler.
- **Arbeidsmengde og progresjon:** Studentane jobber godt, og det er svært lite fråvær. Likevel viser det seg at studentane treng tida som er satt av til dette kurset. Det er ein ganske stor variasjon i progresjon hos studentane, noko som er utfordrande med tanke på demonstrasjonstidspunkt. Men ved hjelp av repetisjon og ekstraoppgåver føler vi at vi klarar å balansere dette.
- **Simodont:** Dette fungerer svært bra. Studentane rullerte med å sitje med desse oppgåvene, og vår oppfatning var at dei tykkte dette var eit godt læringsverktøy. Det var lite opplæring som skulle til, og dei gjorde stort sett unna dei obligatoriske oppgåvene på dei tildelte 2 x 45 minutter.
- **Studentevaluering:** Dei to praktisk-teoretiske underveisprøvane måtte være bestått for å kunne gå opp til ein avsluttande prøve. Det var satt opp to kontinuasjonsprøver til kvar underveisprøve. Etter underveisprøvane fekk studentane tilbod om samtale med ansvarshavande tannlege for tilbakemeldingar. 3 veker før kurs-slutt vart det på grunnlag av progresjon og kvalitet gjeve varselsbrev til 4 studentar. Desse fekk tilbod om 2 ekstraøkter inne på Ferdighetssenteret. I skrivande stund er ikkje resultatet frå sluttprøven klart, men skulle det bli stryk her, vert det kontinuasjonsprøve så snart som mogeleg hausten 2018.
- **Samarbeid mellom Seksjon for kariologi og Seksjon for odontologiske biomaterialer:** Seksjon for odontologiske biomaterialer har som vanleg hatt

forelesningar i vår kurstid, og dette fungerer veldig bra. Forelesningane er ofte tilpassa tidsmessig slik at dei passar inn i Ferdighetskurset sin progresjon. I år har desse vore plassert midt i økta på Ferdighetssenteret (kl. 13:15 -14:00), noko som er eit kjærkomment avbrekk for studentane. Ulempen med dette kan være at studentane får den oppfatning at Biomaterial-forelesningane er ein integrert del av Ferdighetsskurset, noko det ikkje er.

Vår vurdering av rammevilkåra:

Vi meiner at den nye evaluatingsforma vi dette året har innført på Ferdighetskurset i kariologi har fungert bra, og at vi på denne måten tidleg klarar å identifisere studentar som treng ekstra oppfølgjing og trening. I år fekk 4 studentar varselsbrev, med dertil følgjande tilbod om ekstraøkter og oppfølgjing. Ved avsluttande prøve var det 5 stk studentar som strauk, desse vil få tilbod om ny prøve medio august.

Vi meiner også at den oppsatte tida til kurset, dvs 45 – 50 økter, er tilstrekkeleg til å gjennomføre kurset.

Våre kommentarar til studentane sin evaluering:

Det ser ut for oss at studentane stort sett er nøgd med Ferdighetskurset i kariologi. Dei er nøgd med læringsutbyttet, arbeidsmengde og nytteverdi, men tykkjer kurset er krevjande. Når det gjeld tilbakemeldingar frå instruktørar er det nokre som meiner at dei kan bli meir samkøyrd. Tilbakemeldingane kan bli litt for varierande, og det avhenger av kven du spør. Det er nokre kommentarar om at ventetida for hjelp frå instruktør kan bli lang, og det blir oppgitt ventetider som hovedsakleg ligg i området mellom 5 og 15 minutt. Nokre foreslår ekstra bemanning tidleg i kurset, medan andre foreslår fleire studentlærarar. Nokre etterspør meir informasjon om prøvar og testar.

Vår samla vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Vår samla vurdering er at kurset fungerer bra, men det er rom for forbetringar. Våre forslag til tiltak er:

1. Betre kalibrering av lærarstaben. Vi har kalibreringsmøter med studentlærarane, og tidvise kalibreringsmøter med dei faste instruktørane. Men dette kan vi leggje meir vekt på ved framtidige kurs.
2. Ventetida er ikkje alltid lett å få ned, og vi meiner at ei ventetid på 5-15 minutt er akseptabelt slik vi har det no. Vi kan påverke studentane til å gjere anna arbeid i ventetida. Utover i kurset er vår erfaring at ventetida går kraftig ned.
3. Lause tenner fører til store problem for studentane ved montering av kofferdam-duk og matrisesystem, og vi har fått tillatelse til å kjøpe inn 50 stk nye kjever som skal utelukkande tilhøyre kariologi msitt kurs.
4. Vi har eit ønske om at PCane på Ferdighetssenteret vert skifta ut, slik at vi unngår dei problema vi har hatt i år med dei.

Torgils Lægreid

Førsteamanuensis Kariologi

Emneansvarleg OD2PROP1

Karen Reinholtsen

Seksjonsovertannlege Kariologi

Klinisk ansvarleg OD2PROP1